

Hei!

Dette vert sendt til dei kommunale postmottaka i dag, og direkte til dykk som vi har ført opp som kontaktpersonar for næringsutvikling/forvaltning av næringsfond i kommunane. Om nokon annan har nytte av dette, send det vidare!

Invitasjon til dialogmøte på fredag 19.3 klokka 0900 kjem straks.

.....

### **Informasjon om forvaltning av kommunal kompensasjonsordning til lokale verksemder, kap. 553 post 68**

Vi viser til tildeling av kommunal kompensasjonsordning for lokale verksemder frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), og vår e-post til kontaktpersonar for næringsutvikling i kommunane om dette den 5. mars. Fylkeskommunen skal bidra med rettleiing knytt til registrering og rapportering i regionalforvaltning.no, men har også tatt på seg å formidle kunnskap og erfaringar mellom kommunane, om korleis denne ordninga kan forvaltast i praksis.

#### **Kommunane bestemmer!**

Fylkeskommunen deltatt på møte med Molde, Kristiansund og Ålesund kommune for å drøfte praktisk forvaltning av ordninga, og vi har hatt dialog med KMD. Vi har også fått tilbakemelding frå mange kommunar, som skildrar ulike måtar å gjennomføre ordninga på. Vi vil understreke at dette skrivet ikkje er meint som verken fasit eller krav frå fylkeskommunen, og innhaldet ikkje er uttømmende. Dette er meint som rettleiing, kommunane står heilt fritt i forvaltning av ordninga, så lenge pengane går til lokale verksemder og tildelinga er innanfor statstøtteregelverket.

#### **Kva er formålet med ordninga, og kven kan få støtte?**

Intensjonen bak ordninga er å støtte lokale verksemder som er særleg hardt ramma av lokale eller nasjonale smitteverntiltak. Ordninga skal også fange opp verksemder som heilt eller delvis har falle utanfor dei nasjonale kompensasjonsordningane. Oversikt over kva bedrifter som har fått kompensasjon tidlegare finst i [Brønnøysundregisteret](#). (kompensasjonsordning.brreg.no) Ordninga kan også nyttast til å støtte destinasjonsselskap og andre fellestiltak for reiselivet.

#### **Er det særskilte bransjar som skal prioriterast?**

Kommunen står fritt til å prioritere ein særskild bransje eller type verksemd etter lokale behov.

#### **Korleis tildele støtte? Søknadsbasert eller sjablongmessig?**

Det er i hovudsak to måtar å tildele støtte på: Etter søknad eller ved sjablongmessig utrekning. Det siste først: Store kommunar som Oslo og Bergen vil støtte serverings-/utelivsbransjen frå denne ordninga. Det gjer dei ved å opprette ei sjablongbasert ordning, der dei tek utgangspunkt i avgifter knytt til skjenking av alkohol. Det er data som seier noko om omsetnaden i bedrifta, og som kommunen får rapportert inn kvar månad. Kommunen kan så lage ein modell for fordeling av støtte basert på dette, og kan betale ut direkte til bedriftene. Då vil ordninga treffe alle verksemder i bransjen utan at dei treng å søke.

Dei fleste kommunane vil bruke ei søknadsbasert ordning. Det vil seie at dei publiserer ordninga via [www.regionalforvaltning.no](#) og behandlar søknader. KMD har oppretta eit søknadsskjema for denne lokale kompensasjonsordninga. Det er ikkje et krav om at søknad skal sendes via systemet, men kommunen er ansvarleg for at alle tilsegn blir registrert og rapportert via regionalforvaltning.no.

#### **Kva bør krevjast av dokumentasjon?**

Kommunen kan krevje at grunnlaget for søknaden vert dokumentert, til dømes for prioriterte bedrifter som har hatt reelle tap på grunn av smittevernrestriksjonar. Ein kan då krevje dokumentasjon som er attestert av uavhengig tredje part, for eksempel, revisor eller autorisert regnskapsfører. Vi ser at enkelte kommunar i andre fylke krev skatteattest. Det vil vi rå i frå. Krav om skatteattest vil vere eit unødvendig hinder for å søke, og det vil være i strid med intensjonen bak ordninga.

### **Korleis følgje statstøtteregelverket?**

Vi rår til at støtte frå denne kommunale kompensasjonsordninga blir gitt som bagatellstøtte. Kvar bedrift kan motta inntil 200 000 euro i støtte over ei rullerande treårsperiode. Det einaste kommunane treng å gjere er å opplyse at støtte blir gitt som bagatellstøtte. Søkarane må på søknadsskjema oppgi kva dei har fått av slik støtte siste tre år, og står ansvarleg for å ikkje motta for mykje slik støtte.

### **Dialogmøte**

Fylkeskommunen vil legge til rette for eit dialogmøte for kommunane på Teams, slik at vi kan utveksle ulike løysingar for korleis ordninga blir forvalta. Dette blir fredag 19. mars klokka 0900-1030 på Teams. Innkalling vert sendt til kontaktpersonar for næringsutvikling i kommunane.

### **Hjelp?**

Fylkeskommunen kan hjelpe kommunane med publisering, oppretting av støtteordning og andre spørsmål i regionalforvaltning.no. Ta kontakt med Kim Tornes på [kim.tornes@mrfylke.no](mailto:kim.tornes@mrfylke.no).

Med helsing

### **Eivind Vartdal Ryste**

Spesialrådgivar  
Kompetanse- og næringsavdelinga  
Møre og Romsdal fylkeskommune

Tlf. 71 28 02 16 / 909 92 406  
[eivind.vartdal.ryste@mrfylke.no](mailto:eivind.vartdal.ryste@mrfylke.no)  
[mrfylke.no](http://mrfylke.no)

